

Hole i Velledalen



Brøvollsgjerde og Øyane.

Hole i 1962



Flyfotoet viser Nakkeberget, Brøvollsgjerdet og Hologardane med Drotninghaug lengst framme.



*Dette er eit flyfoto teke i 1962,
som m.a. viser gamleskulen.*

*Det er nok mange som har
minne knytta til nettopp dette
bygget som no er vekke.*

Bildet syner også Holebrua.



På Holesida av elva låg kvernhusa på rekke langs elvekanten.

I Gardssoga bind 3 finn vi opplysningar som kan hentast fram:

”Dei fleste kvernhusa på Hole stod ved kvernveita som gjekk ut frå Storelva eit stykke vest for den nye brua til Holen bnr. 3, og rann inn att i Storelva eit kort stykke ovafor Holebrua. Øvst kom kverna til Haugen, så fylgde Olakverna, og nedst stod Jokverna, Knutkverna og Jørnkverna. Reiten hadde bruksrett i Jørnkverna, men etter ei tid bygde dei si eiga kvern lenger nede med vatn frå Langegrova og Itleelva. Jørnkverna var lengst i bruk.”



Den gamle "kvennaveita" er i dag attegrodd , men vitnar om eit omfattande samarbeidsprosjekt mellom gardbrukarane på Hole.



Det er nok ikkje berre langs elvekanten endringane er store. Det er ikkje mange spor etter dei gamle kvernhusa som låg her på rekke og rad. På neste side skal vi så på Hologardane anno 1962.


Holegardane 1962



Frå venstre: Nygards-løa, Knut- stova, J o-løa ,Knut- stabburet, Knut-løa, Jo-stabburet, Jo-stova
Det nye huset er Jørn-stova.




Jon Hole har laga denne skissa over tuna på Hole i 1930 åra.



Frå venstre: Jørn-løa, Jørn-stabburet, gamle Jørn-stova, Bakanfor Olagarden med stove og løe og stabbur. Lengst framme er tunet på Haugen.

Hølegardane 1962



Frå venstre: Stabbur og løe på Olagarden. Tunet på Haugen.

Øyane 1962



Frå venstre: Huset til Magnhild og Paul Hole, Konrad Ytrehorn, Øyane med ny løe. Gamleløa står framleis. På Reiten viser garasje og eit lite drivhus.

Velledalen 1962.

*Det var ikkje "Velledalen i balanse" dei tenkte då.
Dei hadde nok høgare mål enn som så.
Dei planla og hadde evne, vilje og pågangsmot.
I denne tida gjekk Velledalen med overskot!*

Myrdalen 1954



Hjorthol, Brøvoll og Hole har sæterhusa sine på Myrdalen.

Myrdalen 1954





Gratulerer med dagen Paul!

Helsing Olfrid og Per Arne!